

” Om ein ikkje rassikrar denne vegen, er eg redd det vil skje ei katastrofe.

Mete Kråkenes

– Kunne gått veldig gale

– Det sa berre dunk. Eg bråstoppa, og tenkte med ein gong på barnebarnet som sat i baksetet. Heldigvis gjekk det bra, seier Mete Kråkenes, som fekk ein stein i bakruta på Kvalheimsvegen.



Håvar Fagerli
havar.fagerli@fjt.no
telefon 942 79 790

Måndag klokka åtte var tre generasjonar på veg frå Kråkenes til arbeid og barnehage i Måløy. Mete Kråkenes køyrde og svingerdottera Hilde Humborstad sat i passasjerstet framme. Bak sat tre år gamle Maria Humborstad Kråkenes. Alt såg ut til å bli ein vanleg dag langs vegen frå Kvalheim ned mot krysset til Refvik.

Steinsprang

– Brått kom det eit dunk frå bakruta. Eg skjønnte med ein gong kva som hadde skjedd. Det første eg tenkte på var Maria. Eg bråstoppa bilen. Snudde meg bak for å sjå om barnet var i orden.

Ho fortel at barnebarnet brukar å vere litt trøyt om morgonen, og det var ei lita stund Mete Kråkenes trudde at steinen hadde treft Maria.

– Ho sat heilt i ro og det såg ut som ho var død. Vi rista litt i barnet, og såg til alt hell at ho var uskadd. Det virka som ho ikkje heilt fekk med seg kva som hadde skjedd, fortel Kråkenes.

Ein stein hadde losna frå fjellsida og falle ned på bakruta på bilen til Mete Kråkenes. Steinen



Knust: Mete Kråkenes fortel at det først etter dei køyrde vidare at ruta vart heilt knust. – Dette kunne gått veldig gale, seier ho, og tenkjer på barnebarnet som sat i baksetet.

hadde ikkje kome seg gjennom ruta.

– Det var sikkert ikkje ein så veldig stor stein, sidan han ikkje gjekk gjennom ruta. Men det vart eit hol i ruta på om lag 15 gongar 29 centimeter, seier Mete Kråkenes.

Ho er veldig glad for at det gjekk så bra som det gjorde.

– Maria sat bak på høgre sida av bilen. Det var i det området steinen treft bakruta. Hadde steinen gått gjennom ruta hadde han truleg treft ho, seier Mete

Kråkenes.

Dei kunne ikkje gjere anna enn å køyre vidare til barnehage og arbeid. På vegen til Måløy sprakk heile bakruta, slik det no berre er eit stort hol bak.

Mete Kråkenes fortel at ho fekk god hjelp av kollegaene på Glassmagasinet i Måløy til å bearbeide opplevinga og dekkje til bilen.

Andre gongen

Det er andre gongen Mete Kråkenes har fått stein i bilen på

denne vegstrekninga.


– Den første gongen var i 1997. Då kom eg køyrande og såg steinen i lufta framfor bilen. Eg greidde ikkje å stoppe i tide, og eg treft steinen med fronten av bilen. Det vart mykje større skade på bilen då enn denne gongen. Men vi var mykje nærare ei katastrofe denne gongen, seier Mete Kråkenes.

Ho fortel at det er med redsle ho køyrer Kvalheimsvegen.

– Kvar gong eg køyrer denne vegen er blikket festa opp mot

fjellsida for å forsikre meg om at det ikkje kjem stein rasande ned. Vi er mange, både vaksne og born, som reiser denne vegen kvar dag. Og eg håpar at vegen no vert rassikra, seier Kråkenes.

– Om ein ikkje rassikrar denne vegen, er eg redd det vil skje ei katastrofe på denne vegstrekninga, seier ei bestemor som er svært glad for at det gjekk så bra som det gjorde denne gongen.



Vi skal same vegen

MAKS kr. 490,-

alle dagar på Nordfjordekspressen

Måløy - Nordfjordeid - Stryn - Olta - Lillehammer - Gardermoen - Oslo

Garantert plass uten forhåndsbestilling. Sjå nordfjordekspressen.no / nor-way.no eller ring 177 / 815 44 444 for meir informasjon.

NOR-WAY
BUSSEKSPRESS

Marked/salg:	Telefon	Privat	Mobil	E-post
Mark.sjef Ståle Tennebo	57 84 90 21	57 85 46 88	906 20 862	staale.tennebo@fjt.no
Nils Holvik	57 84 90 25	57 85 15 30		nils.holvik@fjt.no

Nordfjordsamkøyringa:	Telefon	Privat	Mobil	E-post
Nils Holvik	57 84 90 25	57 85 15 30	971 49 566	nordfj@fjt.no

Kontorleder:	Telefon	Privat	Mobil	E-post
Gerd Gangsøy	57 84 90 00	959 77 142		gerd.gangsoy@fjt.no

Abonnementspriser nov. 2006 - okt. 2007:	
Kr. 365,- pr. kvartal	(Sogn og Fjordane + Møre og Romsdal)
Kr. 380,- pr. kvartal	(resten av landet)

Kr. 595,- pr. halvår	(Sogn og Fjordane + Møre og Romsdal)
Kr. 630,- pr. halvår	(resten av landet)

Kr. 1090,- pr. år	(Sogn og Fjordane + Møre og Romsdal)
Kr. 1140,- pr. år	(resten av landet)

Innleveringsfrister for annonser:	
Mandagsavisen:	
Rubrikkannonser (1 spaltere)	fredag før kl. 12.00
Forretningsannonser	torsdag før kl. 10.00
Onsdagsavisen:	
Rubrikkannonser (1 spaltere)	tisdag før kl. 10.00
Forretningsannonser	mandag før kl. 10.00
Fredagsavisen:	
Rubrikkannonser (1 spaltere)	torsdag før kl. 10.00
Forretningsannonser	onsdag før kl. 10.00